



Fylkesmannen i Rogaland

# Forvaltningsplan for Kyllesvatnet naturreservat

---

Sandnes kommune, Rogaland



Foto: Ørjan Simonsen

Rapport nr 1 / 2015



Fylkesmannen i Rogaland

Miljøvernavdelinga

## Miljørapport nr. 1 - 2015

### Forvaltningsplan for Kylllesvatnet naturreservat, Sandnes kommune, Rogaland

<b>Forfatter:</b> Ørjan Simonsen	<b>Rapport nr.:</b> 1 - 2015 (Internettversjon – pdf-format)
	<b>Dato:</b> 29.02.16
<b>Prosjektansvarleg:</b> Per Kristian Austbø	<b>Faggruppe:</b> Områdevern
	<b>Geografisk område:</b> Rogaland
<b>Finansieringskilde(r):</b> Miljøverndepartementet/Miljødirektoratet	<b>Arkivnummer:</b> 432.4
	<b>Tal sider:</b> 39
<b>Emneord:</b> Kylllesvatnet naturreservat, vern, skjøtsel, bevaringsmål, forvaltningsplan, våtmark	<b>ISSN:</b> 0802-8427
<p><b>Samandrag:</b> Kylllesvatnet naturreservat blei oppretta i 1996 som ein del av våtmarksvernet i Rogaland. Talet på fuktenger i Norge minkar, og fuktenga i Kylllesvatnet naturreservat er ei av dei få som finns att i Rogaland. Å ta vare på dette opne, beitepåverka landskapet vil difor vere viktig. Reservatet er eit viktig hekke-, trekk- og overvintringsområde for store mengder våtmarksfugl. Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for forvaltningsplanen er rimeleg godt, men med tematiske manglar.</p> <p>For å sikra vatnet og naturverdiane der, finst det vernereglar som styrar kva som er lov eller ikkje inne i naturreservatet. Forvaltningsplanen klargjer korleis vernereglane skal tolkast, vidare kva for bevaringsmål som forvaltninga skal legge til grunn i praktisk forvaltning, aktuelle skjøtselstiltak, formidling og informasjon.</p>	

-----  
**Postadresse:**

Postboks 59 Sentrum,  
N-4001 Stavanger,  
Noreg  
-----

-----  
**Besøksadresse:**

Statens Hus,  
Lagårdsveien 44,  
4010 Stavanger  
-----

-----  
Tlf: +47 51 56 87 00

Faks: +47 51 52 03 00

E-post: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)  
[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)  
-----

## Innhald

<b>Forord</b> .....	<b>4</b>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>6</b>
<b>2 Naturmangfaldlova</b> .....	<b>6</b>
<b>3 Historikk</b> .....	<b>7</b>
3.1 Verneprosess.....	7
3.2 Brukshistorie .....	7
<b>4 Dagens status</b> .....	<b>9</b>
4.1 Kunnskapsstatus.....	9
4.2 Verneverdiar.....	9
4.3 Bruk av området.....	10
4.4 Pågåande skjøtsel og tiltak.....	11
<b>5 Forvaltning av Kylllesvatnet naturreservat</b> .....	<b>12</b>
5.1 Trussel mot verneverdiane .....	12
5.2 Bevaringsmål, planlagde tiltak og skjøtsel .....	13
5.3 Retningslinjer for brukarinteresser .....	14
5.4 Informasjon, tilrettelegging og formidling .....	18
5.5 Oppsyn og administrasjon.....	18
<b>6 Kjelder</b> .....	<b>20</b>
<b>7 Vedlegg</b> .....	<b>21</b>

## Forord

Fylkesmannen i Rogaland har laga forvaltningsplanen for Kyllsvatnet naturreservat. Naturreservatet blei oppretta i 1996 som del av våtmarksvernet i Rogaland. Området fungerer som eit regionalt viktig hekke-, trekk- og overvintringsområde for våtmarksfugl, kor formålet med fredinga er å bevare våtmarksområdet med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv.

Denne forvaltningsplanen skal klarleggja korleis brukaren skal forstå vernereglane, og seie kva som er lov og ikkje. Vidare skal planen avdekka truslar mot verneområdet, og skissera løysningar for å ta vare på verdiane i området.


Før godkjenning av planen, skal denne sendast på lokal høyring. Då skal alle som har ønska det, hatt synfaring med Fylkesmannen i Rogaland. Når fristen for høyringa er ute, vil denne bli summert opp og planen eventuelt endra i samsvar med innkomande innspel. Fylkesmannen i Rogaland vil så eigengodkjenna planen, i samsvar med nasjonale retningslinjer.

Målgruppe for planen er grunneigarar, kommune, forvaltning og andre brukarar av området.

For å sikra Kyllsvatnet naturreservat vil Fylkesmannen i Rogaland arbeide for god dialog med grunneigarane i reservatet og områda rundt, og andre interessentar.

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernssjef

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernssjef



**Figur 1:** Kydlesvatnet naturreservat ligg på Kylles, ca. 5,5 km aust for Sandnes sentrum i Sandnes kommune. Reservatgrensa er merka med ein raud strek.

## 1 Innleiing

Formålet med fredinga er å bevare eit våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Området blei verna ved kgl. res. av 20. desember 1996. Reservatet dekker eit samla areal på ca. 284 dekar, kor ca. 200 dekar er landareal.

Kyllsvatnet naturreservat ligg på Kylls, ca. 5,5 km aust for Sandnes sentrum i Sandnes kommune. Reservatgrensa følgjer i sør Noredalsveien. Elles ligg reservatet i stor grad i eit område med tilstøytande landbruksareal. Rett aust for reservatet ligg eit grustak. Det ligg og fleire andre grustak nordvest for reservatet, utan at desse er antatt å ha direkte innverknad på det verna området. I nord går reservatgrensa i Kyllsvatnet.

## 2 Naturmangfaldlova

Det følgjer av naturmangfaldlova § 7 at dei miljørettslige prinsippa i §§ 8-12 skal leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit, og at det skal gå fram av avgjerdene korleis prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt.

Etter naturmangfaldlova § 8 om kunnskapsgrunnlaget skal offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet så langt det er rimeleg bygge på vitskapeleg kunnskap om artars bestandssituasjon, naturtypene si utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverkingar. Det skal vidare leggst vekt på kunnskap som er basert på generasjonars erfaring gjennom bruk av og samspill med naturen.

Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for forvaltningsplanen er rimeleg godt, men med tematiske manglar. Vasskjemiske undersøkingar er gjennomført av Jæren vassområde i Kyllsvatnet sidan 2005 (Molversmyr 2005, Molversmyr 2008, Molversmyr et. al. 2012). NIVA gjennomførte i 2011 ein undersøking av vassplanter i Kyllsvatnet på oppdrag frå Jæren vassområde, som og inkluderte verneområdet (Molversmyr et. al. 2012). I tillegg hadde Svein Imsland og Trond Magne Storstad ei botanisk synfaring i verneområdet 12.08.08 for å lokalisera raudlista planteartar (notat Fylkesmannen i Rogaland). Her blei og andre planteartar registrert. I 1978 blei det gjennomført ei undersøking av fuglelivet i og rundt Kyllsvatnet. Denne undersøkinga er summert i notatet Fuglelivet ved Imsvassdraget (Løvbrekke 1978). Løvbrekke framhevar sørenden av Kyllsvatnet som ein spesielt god våtmarkslokalitet. Det er og fleire registrerte observasjonar av fugl i Kyllsvatnet i teljingar frå 1970- og 1980-tallet presentert i Norsk ornitologisk forening avd Rogaland sitt tidsskrift Falco. I Artskart er det fleire observasjonar for Kyllsvatnet naturreservat, i all hovudsak fugl. Alle raudlisa artar er lista i vedlegg 2.

På oppdrag frå grunneigar Terje Lura er det laga ein Skjøtselsplan for Kyllsvatnet, kor naturverdiar er gjennomgått (Oddane 2007).

Forvaltingsstyresmaktene meiner kunnskapen som ligg til grunn er tilstrekkelige til å vurdere følgjer av planen på naturmangfaldet. Førre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 blir difor i liten grad vektlagt.

I samband med forvaltningsplanen er det utarbeida bevaringsmål for ulike naturkvaliteter som grunnlag for overvaking av naturtilstanden i området, jf. vedlegg 3. Dette vil gje eit styrka grunnlag for å kunne vurdere samla belastning av ulike aktivitetar og tiltak i verneområdet, jf. naturmangfaldlova § 10. Framlegg til tiltak vil samla sett ha positiv verdi for økosystemet, jf. vedlegg 4.

Forslag til tiltak inneber ein praksis som tek vare på eller betrar tilstanden for verneformål og verneverdiar, og som såleis heller ikkje vil innebera miljøskadekostnader, jf. naturmangfaldlova §§ 11 og 12.

Forvaltningsplanen er utarbeida innanfor dei rammer som er fastsatt i verneforskrifta, og gjer nærare retningslinjer om tolking og praktisering av vernereglane. Nærare vurdering av dei miljørettslige prinsippa går fram av retningslinjene som er fastsatt for dei ulike brukarinteressene, og vil i tillegg bli vurdert i samband med forvaltnings- og skjøtselstiltak, og ved søknadar om dispensasjon frå vernereglane.

## 3 Historikk

### 3.1 Verneprosess

Planarbeidet knytt til vern av våtmark i Rogaland tok til i 1976. Etter ein lang prosess med registreringsarbeid, synfaringar, møter med grunneigarar, landbruksforvaltning, kommunar og andre interesserte blei det i 1988 ferdigstilt eit utkast til verneplan for våtmark i Rogaland (Fylkesmannen i Rogaland 1989). Her blei det som no er Kyllesvatnet naturreservat nemnt som ein av fleire aktuelle lokalitetar. Kyllesvatnet naturreservat blei verna ved kgl. res 20. desember 1996.

### 3.2 Brukshistorie

Verneområdet har lang historie knytt til slått og beiting med husdyr. På denne måten blei den kulturprega fuktenga danna. På grunn av endra driftsformer i landbruket, er det nå få slike fuktenger igjen i landet. Ifølge Norsk rødliste for naturtyper 2011, er alle naturtypar betinga av tradisjonell drift i sterkt i tilbakegang, og kulturmarkseng er nemnt som sårbar naturtype (Lindgaard og Henriksen 2011).

Grunneigar Tor A. Lomeland skriv i sin høyringsuttale til utkastet til denne planen, at vasstanden i Kyllesvatnet blei senka vinteren 1864-65 med ca. 4 meter ved at utlaupet mot Lutsivatnet blei utvida til ca. 5 meter ved sprenging. Som ein konsekvens av dette, blei ca. 2000 da landbruksareal tørrlagt. I periodar med mykje nedbør, blei desse areala likevel dekt til med vatn. Etter ein lang prosess initiert av Tor A. Lommeland, blei det vinteren 1984-85 gjennomført flomsikringsarbeid ved at utlaupet blei ytterligere utvida, nå til 35 meter. Etter flomsenkinga, blei høgaste målte vasstand senka med ca. 2 meter, til ca. 50 cm.

Fram til slutten av 1980-talet, blei det hovudsakleg beita felles med storfe og sau i det som nå er verneområdet. Grunneigar Tor A. Lomeland meiner graskvaliteten var god med dette beiteregimet, og at det var mindre einer enn nå. Etter 1990 er det hovudsakleg berre beita med storfe.

Fram til 2011 gjekk det dårleg reinsa kloakk ut i Svilandsåna. Denne blir nå pumpa over i det kommunale kloakkanlegget, og vidare til Sentralrenseanlegg Nord-Jæren (SNJ). Dette vil vere med på å betra vasskvaliteten i vassdraget.





**Figur 2:** Flyfoto frå 1937. På denne tida kunne vasstanden variere med ca. 2,5 meter. Reservatgrensa er den raude streken. Kjelde: temakart-rogaland.no



**Figur 3:** Flyfoto frå 2013. Etter utviding av utlaupet til Kyllsvatnet vinteren 1984-85, blei variasjonen i vasstanden redusert frå ca. 2,5 meter til ca. 50 cm. Minstevassstanden blei ikkje endra. Reservatgrensa er den raude streken. Kjelde: temakart-rogaland.no



## 4 Dagens status

Frå vernet i 1996 og fram til 2013, blei området vest for Svilandsåna hovudsakleg beita av storfe. Nå er eigedomsgrensa mellom 9/9 og 9/16 delt med eit gjerde. På 9/9 gjekk det i 2014 opp til 32 sau, og på 9/20 10 ungdyr av storfe. Nokre få individ av sau blei i 2014 sleppt ut i reservatet frå byrjinga av mai, mens hovudmengda blei sett ut i juni. Alle storfe blei slept ut i juni. Juni er noko seint i forhold til optimalt beitebruk, men er sett på som naudsynt for til å unngå forstyrning av hekkande fugl. Naturreservatet er synt som «Båndlegging naturvern» i Kommuneplan for Sandnes, arealdelen.



**Figur 3:** Fuktenga sør i reservatet som i 2014 blei beita av villsau. Gjerdet mellom dei to eigedomane 9/9 og 9/16 ses tydeleg i biletet. Foto: Ørjan Simonsen

### 4.1 Kunnskapsstatus

Kunnskapsgrunnlaget er tatt opp i kapittel 2 om naturmangfaldlova, og alle relevante kjelder er nemnt der. I tillegg er lokal kunnskap frå grunneigarar henta inn. Spesielt grunneigar Tor A. Lommeland sitt bidrag har vore viktig. Generelt ser Fylkesmannen på dagens kunnskapsstatus for reservatet som rimeleg god, men med sine manglar. Spesielt kunnskapen om insektfaunaen er mangelfull. I arbeidet med vassforskrifta er Kyllesvatnet overvaka for dei økologiske parametrane planteplankton og vassplanter. Det vil vere viktig å følgje opp overvakinga av Kyllesvatnet slik den er beskrive i overvaksingsplanen til vassforskriftarbeidet.

### 4.2 Verneverdiar

#### Artsmangfald

Kyllesvatnet naturreservat er eit viktig hekke-, trekk- og overvintringsområde for fugl. Som hekkeområde er spesielt takrørskogen og fuktenga viktig. Her hekker mellom anna dei raudlista artane grashoppesangar og vannrikse. Sjå vedlegg 2 for oversikt over raudlista fugleartar i naturreservatet. I tillegg er reservatet eit viktig overvintringsområde for ender og svaner. Spesielt songsvane er ein karakterart vinterstid, og kan i denne tida opptre med fleire titals individ.

Av planter er det først og fremst vanlege artar som dominerer. Einskilde raudlista og sjeldne artar for Vestlandet er observert, og desse er lista i vedlegg 2.



**Figur 4:** Songsvaner er ein vanleg overvintrande art. Denne januardagen i 2015 var det nærare 80 individ til stades. Foto: Magnus Simonsen

## Landskap

Kyllsvatnet er ein del av Ims-Lutsi vassdraget, som er verna etter verneplan II for vassdrag (St.prp. nr 77 (1997-80)). Undergrunnen består av grunnfjellsbergartar. Ims-Lutsi er eit av områda nemnd i *Vakre landskap i Rogaland* (Hettervik 1996).

## Naturtypar

Sjå og kart i vedlegg 2 for oversikt over dei ulike naturtypane.

Svilandsåna, som renn gjennom reservatet, er ei stilleflytande elv med oligotrof-mesotrof langskuddvegetasjon, og med beita sumpvegetasjon langs vestre del av breidda. Aust for elva finn ein noko sumpskog med stor innslag av svartor i sørlege delen av reservatet. Sumpskogen er ein trua naturtype som i Norsk rødliste for naturtypar 2011 blir beskrive som varmekjær kildelauvskog (Lindgaard og Henriksen 2011). Nærare elveutløpet på austsida, er det hovudsakleg tett, ikkje beita takrøyrsump. Rett utanfor utløpet er det gul nøkkerose.

På den store flata vest for elva er det mest beita elvesnelle-starrsump og takrøyr-sivakssump. Flaskestarrsump dekker mest areal her. Nord, mot vassflata, dominerer takrøyrsump. Av vegetasjon i sjølve Kyllsvatet, finn ein glissen langskotvegetasjon (tusenblad-tjønnaks-utforming), og kortskotvegetasjon med tjønnaks og den raudlista arten skaftevjeblom (NT).

Nærast vegen, mot sørgrensa til reservatet, går sumpvegetasjonen over i fattig-intermediær myr, og vidare over i steinete, frisk-fuktig beita eng. Det har lenge vore gjødsling i beite langs vestsida av Svilandsåna. Denne gjødslinga er per 2015 stansa. Nordvest i reservatet er det ein mindre koll med hagemark.

## 4.3 Bruk av området

Arealet vest for Svilandsåna blir brukt til beite. Det er elles liten menneskeleg aktivitet i området. Grunneigar Marit Lura seier at det etter vernetidspunktet har vore ein reduksjon i bruken av området til friluftsmål som bading og fiske.

Det er tillate å gjødsle delar av verneområdet, jf. skjønnsføresetnader i samband med erstatningsoppgjering etter fredinga. Dette gjeld områda med hagemark i nordvest og fuktenga rett

vest for Svilandsåna (sjå vedlegg 2, figur 1). Denne gjødslinga er per 2015 stansa, men er framleis tillate jf. avsagt skjønnsdom. Det er ein opplagsplass for inntil 10 båtar på vestsida av Svilandsåna, like ved vegen.

#### 4.4 Pågåande skjøtsel og tiltak

Området vest for Svilandsåna blei i 2014 beita av storfe på gardsbruk 9/16, og småfe på 9/9. Etter 1990 har området blitt beita felles med 10-20 storfe på dei to gardane. Dette skjedde p.g.a. eit inngått samarbeid med dei to grunneigarane. I 2013 blei den delen av gjerdet som blei fjerna i 1990, igjen satt opp. Dette gjorde det mogleg å ha ulike beitereregimer på dei to gardsbruka. Som eit forsøk blei det i 2014 beita med villsau på gardsbruk 9/9. Dette fordi villsau av grunneigar blei sett på som best skikka til å beite lauv og greiner frå oppveksande buskar. Vinteren 2013/2014 blei det og gjort eit ryddearbeid på gardsbruk 9/9, for å ta ein del av buskvegetasjonen som då hadde vokse opp i sumpmarka. På ei synfaring 7. november 2014 med grunneigar Tor A. Lomeland, blei det observert nedbeita buskar i fuktmarka kor villsauen gjekk.



Figur 5: Beite med storfe, her frå eit tørrare område nord i verneområdet. Foto: Ørjan Simonsen

Bønder med produksjonstilskot kan søka ulike tilskotsordningar gjennom frivillige tiltak i landbruket. Desse kan eventuelt kombinerast med vernestyresmaktene sine forvaltningsbudsjett. *Regionalt miljøprogram* (RMP) gjer bøndene økonomisk støtte til å legge opp drifta på ein slik måte at viktige kulturlandskapsverdiar blir tatt vare på, eller bidreg til å redusere forureininga frå landbruket. Det blir og gitt støtte til skjøtsel av fuglerike biotopar gjennom RMP. Kyllsvatnet naturreservat blir rekna som ein fuglerik biotop. Ordninga med RMP blir handtert av Fylkesmannen. Det er og mogleg å søka om tilskot til *spesielle tiltak i landbruket* (SMIL) hos kommunen. Informasjon om begge ordningane finn ein på Fylkesmannen i Rogaland sine heimesider. *Forvaltningsbudsjett* er statlege midlar som årleg blir løyyt til konkrete tiltak i verneområder, inkludert Kyllsvatnet naturreservat. Aktuelle tiltak kan vere informasjon, tilrettelegging og skjøtsel. Forvaltningsbudsjett blir avklart gjennom årleg bestillingsdialog med Miljødirektoratet v/Statens naturoppsyn (SNO).

Det har vore gjennomført fleire rundar med felling og rydding av trær og buskar i verneområdet etter vernet i 1996. Ryddinga har skjedd når det har vore nødvendig, og gjennomført av både grunneigarane og SNO.



## 5 Forvaltning av Kyllsvatnet naturreservat

Miljødirektoratet kom i 2014 med «Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter» (Miljødirektoratet 2014). Rundskrivet skal vere eit hjelpemiddel for forvaltningsmyndigheitene ved forvaltning av verneområder etter naturmangfaldlova. I tillegg har Miljøverndepartementet laga vegleiaren «Naturmangfoldloven kapittel 2. Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk – en praktisk innføring» (Miljøverndepartementet 2012). Denne rettleiaren gjer ei praktisk innføring i korleis naturmangfaldet skal vektleggast og vurderast på tvers av lovverk i ulike avgjerder av ulike sektorar. Fylkesmannen legg desse rettleiarane til grunn i forvaltninga av verneområdet.

Det er viktig å sjå naturreservatet i ein større økologisk samanheng med anna våtmark på Jæren. Gitt dei store samla verneverdiane er ei lang rekke freda område lenger vest på Jæren, langs kysten og i øyriket utanfor gitt internasjonal RAMSAR-status, som *Jæren våtmarkssystem*. Kyllsvatnet har ikkje slik RAMSAR-status, men bør likevel vurderast i ein slik regional samanheng.

### 5.1 Trussel mot verneverdiane

#### *I verneområdet*

Den største trusselen mot verneverdiane i dei beitepåverka områda vest for Svilandsåna er gjengroing. Å forhindra gjengroing i dette området, er langt på veg avhengig av beiting med husdyr. Å finne den optimale beitebruken vil difor vere sentralt for å ta vare på verneverdiane.

I tillegg til beitande dyr, vil anna skjøtsel som slått og hogst av tre, vere viktig for å oppretthalde kulturmarkstypene vest for Svilandsåna. Her har grunneigarane synt stor vilje til samarbeid.

Avfall og deponi er uønska i verneområdet. Her er ryddearbeid allereie gjennomført, men det står att eit område nordvest i reservatet; ein gamal tipp, med ein viss mengde store betongrøyr og anna skrot. Målet må vere å få rydda dette området, i alle fall det som ligg oppe i dagen.

Av framande artar er kanadagås (*Branta canadensis*), mink (*Neovison vison*), alaskamjølke (*Epilobium ciliatum glandulosum*), berberis (*Berberis vulgaris*) og edelgran (*Abies alba*) registrert i området. Framande artar må nedkjempast og overvakast. Overvaking er viktig for å halde kontroll med ei eventuell spreiding eller auke i bestandane, og for tidleg å oppdaga nye artar.

I tillegg til dei framande artene, er det og tre planteartar som bør haldast under kontroll i verneområdet, slik at dei ikkje blir for dominerande. Dette er myrtistel (*Cirsium palustre*), høymole (*Rumex longifolius*) og landøyde (*Senecio jacobaea*).

#### *Utanfor verneområdet*

Tiltak og drift på utsida av naturreservatet påverkar verneverdiane i verneområdet. Verneforskrifta regulerer ikkje denne type påverknad, med mindre tiltaka fører til varige og vesentlege skadar på verneverdiane. For verksemder som treng løyve etter anna lovverk, krev naturmangfaldloven § 49 at omsynet til verneverdiane skal vektleggast ved avgjersla om det skal givast løyve, og når vilkår for eit slikt løyve skal setjast. For andre verksemder gjeld aktsemdsplikta etter naturmangfaldlova § 6.

For vassdraget som Svilandsåna og Kyllsvatnet er ein del av, er gjengroing først og fremst avhengig av menneskapt tilførsel av plantenæringsstoff. Generelt er utslipp frå landbruk, industri og hushald viktigaste årsaker til eutrofiering i ferskvatn.



**Figur 6:** Rett nord for hagemarka, skyt svartor opp. Denne vil etter kvart kunne bli ein fin biotop om den får utvikle seg fritt.  
Foto: Ørjan Simonsen



**Figur 7:** Mot nordgrensa av reservatet, ligg ein gamal tipp med mellom anna gamle betongrør oppe i dagen.  
Foto: Ørjan Simonsen

## 5.2 Bevaringsmål, planlagde tiltak og skjøtsel

Overvaking av verneområder i Norge skal gå føre seg på to ulike nivå. Det skal settas i gang ein nasjonal overvaking av utvalde verneområde som vil representera ulike naturtypar og miljø. Den nasjonale overvakinga vil gje kunnskap om utvikling over tid i ulike naturtypar, og skal vere relativt detaljert. I tillegg skal det utarbeidast enkle overvåkingsprogram som skal fokusera på konkrete bevaringsmål fastsett av forvaltinga i forbindelse med utarbeiding av forvaltningsplanar, inkludert Kyllsvatnet naturreservat.

### Vasskvalitet

For å oppretthalde Kyllsvatnet naturreservat som eit eigna leveområde for våtmarksfugl, må vasskvaliteten vere på eit nivå som hindrar utstrakt gjengroing. Kyllsvatnet er i 2015 klassifisert til moderat økologisk tilstand etter vassforskrifta. Dei økologiske kvalitetselementa vassplanter og plankeplankton er brukt i klassifiseringa, i tillegg til fysisk-kjemiske støtteparameter.

Utfordringane knytt til forureining av vatnet som drenerer til Kyllsvatnet naturreservat, må i første rekke løysast gjennom frivillige tiltak i landbruket, bruk av plan- og bygningsloven, forureiningslova, naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Det er ikkje aktuelt å etablere bevaringsmål for eutrofieringstilstanden ut over dei mål som er satt i vassforskrifta. Her er målet god økologisk tilstand for vassførekomsten Kyllsvatnet (ID: 029-1556-L) og Svilandsåna (ID: 029-73-R).

Arbeidet med å betra vasskvaliteten, er ein del at eit stort arbeid knytt til vassforskrifta. Det er Rogaland fylkeskommune som leiar dette arbeidet, og utarbeidar plandokumenta. Dette arbeidet vil på lang sikt gje ein reduksjon i avrenning av næringsstoff til alt vatn. Det er viktig at alle interesserte og sektorar held oppe innsatsen i dette arbeidet, slik at Kyllsvatnet med tida kan oppnå god økologisk tilstand.



## Gjengroing og våtmarksfugl

Talet på fuktenger i Norge minkar, og fuktenga i Kyllsvatnet naturreservat er ei av dei få som finns att i Rogaland. Å ta vare på dette opne, beitepåverka landskapet vil difor vere viktig.

Å finna optimalt beiter regime, vil vere eit viktig tiltak for å bevare den tradisjonelt beita sumpvegetasjonen som igjen er viktig for våtmarksfuglane i reservatet. Dyra bør sleppast på beite så tidleg som mogleg, men for å unngå skade på hekkande fugl og deira reir, er det naudsynet å vente med beiteslepp til andre halvdel av juni. Hardt beitetrykk under reirperioden kan forårsake øydelegging av reir på grunn av tråkk. Samstundes syner undersøkingar at insekter som kyllingar av vadefugl et er avhengig av kontinuerleg beita vegetasjon (Oddane 2007). Å sleppa ut eit mindre tal beitedyr i mai, og la talet auka fram mot slutten av juni, kan kanskje vere ei løysing. Her må ein prøva seg fram for å finna den optimale strategien.

Ein kombinasjon av ulike beitedyr, t.d. sau og storfe, vil gje betre kvalitet på beita, og meir effektiv utnytting av beitegrøda. Myrdrag kan t.d. vere viktige beiteområde for storfe, mens brattare område lettare kan bli beita av sau. I tillegg har ulike beitedyr ulike preferansar med tanke på kva vegetasjon dei likar best (Nedkvitne el. al. 1995).

Sjølv om ein finn eit optimalt beiter regime, vil det nok framleis med ujamne mellomrom vere behov for å halde vegetasjonen mekanisk nede. Dette må vurderast fortløpande gjennom overvaking og grunneigarkontakt.

## Framande artar

Framande artar skal overvakast kvart fjerde år. Bli det for store bestandar av framande planteslag og mink, må tiltak settast inn. Framandart-innslaget er i utgangspunktet lågt i reservatet, og alle framande artar er nemnt i vedlegg 3.

## Anna

Å få rydda gamal tipp nordvest i reservatet er eit langsiktig mål, som vil måtte skje etter eigen finansiering og grunneigaravtale. Det må avklarast om det er hensiktsmessig å fjerne heile tippa, eller om det er godt nok å berre rydda betongrøyr og anna skrot som ligg oppe i dagen.

For ytterlegare informasjon og detaljer knytt til bevaringsmål, planlagde tiltak og skjøtsel syner me til vedlegg 3 om bevaringsmål, tilstandsvariablar, tiltak og overvaking, samt vedlegg 4 om kostnadsvurderingar, finansiering og tidsplan for gjennomføring av tiltak.

## 5.3 Retningslinjer for brukarinteresser

Verneforskrifta er eit juridisk dokument som sett rammer for bruk av området. Forskrifta er bygd opp systematisk med forbod, unntak frå forbod og høve for dispensasjon etter søknad.

Kort fortalt er verneforskrifta bygd opp på følgjande vis (sjå vedlegg 1) :

- Kap. I og II er innleiande reglar
- Kap III seier kva som er verneformålet
- Kap. IV seier kva som er ikkje er lov (forbod)
- Kap. V seier kva ein normalt kan gjera utan vidare (unntak frå forbodet)
- Kap.VI seier kva ein kan gjera etter løyve frå forvaltningsstyresmakta (dispensasjon)

I kap. IV i verneforskrifta (vedlegg 1) går det fram at all vegetasjon, dyreliv og naturgitte tilhøve er freda mot skade, øydelegging og forstyrring. Nedanfor blir det gjort greie for dei ulike vernereglane knytt til dei mest aktuelle brukarinteressene landbruk, jakt, fiske og friluftsliv, samt undervisning, informasjon og formidling. Presentasjonen er utforma slik at først kjem *forbodsreglar*, deretter kva som likevel er *tillate*, og til slutt kva som kan *søkast om*. Det er såleis viktig å lese reglane i samanheng.

Den generelle dispensasjonsregelen i verneforskrifta (kap. VIII) er frå 1. juli 2009 erstatta av naturmangfaldlova § 48 om dispensasjon frå vernevedtak. Sjå elles vedlegg 5 om dispensasjonssøknader.

## **Landbruk**

Verneforskrifta har følgjande aktuelle reglar.

### Forbodsreglar

Kap. IV For reservatet gjelder følgende bestemmelser:

*pkt. 1: All vegetasjon i vann og på land er fredet mot skade og ødeleggelse.*

*pkt. 3: Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre de naturgitte forhold, herunder oppføring av bygninger, anlegg og faste innretninger (...), bygging av veger, drenering og annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forurensningstilførsler, henleggelse av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmidler.*

*Pkt. 4: Motorisert ferdsel til lands og til vanns, samt lavtflyging under 300m er forbudt.*

Kap. IV pkt. 2: *Dyreliv, herunder hi, reir og egg, er fredet mot skade, ødeleggelse og forstyrrelse.*

### Reglar for kva som er tillate

Kap. V Bestemmelsene i kap. IV er ikke til hinder for:

*pkt. 3: Tradisjonell beiting, herunder bruk av gjeterhund.*

*pkt. 4: Vedlikehold av tidligere opptatte grøfteavløp som drenerer tilgrensende jord- og skogbruksareal, i samråd med forvaltningsmyndigheten.*

*pkt. 6: Gjødsling, bruk av plantevernmidler og fortsatt bruk av dyrka mark inkludert nødvendig motorisert ferdsel på areal nærmere bestemt av forvaltningsmyndigheten.*

### Reglar for søknad om dispensasjon

Kap. VI Forvaltningsstyresmakten kan gi tillatelse til:

*pkt. 1: Felling av dyr som gjør skade på jordbruksarealer og jakt på enkelte arter.*

*pkt. 2: Etablering av nye grøfter for drenering av tilgrensende arealer.*

*pkt. 3: Bygging av pumpehus, legging av ledninger for vanningsanlegg, oppføring av gjerder.*

*pkt. 4: Hogst av ved til eget bruk.*

*pkt. 5: Motorisert ferdsel i forbindelse med tiltak under kap. V punkt 4.*

Kommentarar:

Området vest for Svilandsåna er i all hovudsak beita areal. Beiting er tillate etter kap. V pkt. 3, og naudsynt for å motverka attgroing, og såleis viktig for å oppretthalde bevaringsmåla. Det kan dispenserast for oppsetting av nye gjerde etter søknad.

Det er eit generelt forbod mot gjødsling og bruk av kjemiske sprøytemiddel i reservatet. Det er likevel nokre område kor bruk av gjødsel og plantevernmiddel er tillate, jf. kap. V pkt. 6. Dette er den beita fuktenga og beitemarka på kartet i vedlegg 2., jf. og skjønnsføresetnad av 2. august 1999. Det er i januar 2015 opplyst frå Sandnes kommune at det ikkje blir brukt gjødsel og plantevernmiddel på nokon av areala i verneområdet. Utanfor områda med tillate bruk av gjødsel og plantevernmiddel, kan Fylkesmannen etter søknad vurdere å gje dispensasjon til bruk av sprøytemiddel mot ugras i særlege tilfelle, når desse ikkje er i strid med formålet for fredinga. Eventuell sprøyting må gjennomførast som punktsprøyting med rygg- eller handsprøyte. Sprøyting i nærleiken til vatn vil bli vurdert spesielt strengt, jf. naturmangfaldslova §§ 9 og 12, og vil normalt vere forbode etter anna lovverk.



**Figur 8:** Dei store, opne flatene med sumpvegetasjon er det viktig å bevare. Foto: Ørjan Simonsen

Eksisterande grøfter og kanalar kan vedlikehaldas etter samråd med Fylkesmannen, jf. kap. V pkt. 4. Slikt samråd kan i første rekke skje ved enkel kontakt med Fylkesmannen. Ved behov for motorisert ferdsel for å utføra arbeidet må det søkast særskilt om dispensasjon til dette hos Fylkesmannen. Alle slike tiltak må gjerast utanom hekketida og helst på frosen mark, jf. naturmangfaldslova § 12. Utgraven masse skal normalt fraktast ut av området.

All ny drenering og tørrlegging i verneområdet er forbode, jf. kap. IV pkt. 3. Søknadar om nye tiltak innanfor verneområdet, eller som kan påverke dette, vil bli strengt vurdert sidan dette strir mot verneformålet, jf. kap. VI pkt. 2.

Høge næringsverdiar i vatnet gjer at søknadar om nye avløp vil bli vurdert strengt. Dispensasjon til å føra ny kloakk eller anna forureining ut i vatnet kan ikkje påreknast. I alle vedtak skal naturmangfaldslova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning vurderast.

Fylkesmannen kan etter søknad gje dispensasjon til hogst av ved og uttak av skog dersom dette er i samsvar med bevaringsmåla i denne planen, jf. kap. VI pkt. 4. Framande planteslag kan fjernast etter samråd med Fylkesmannen. Ved ein eventuell dispensasjon til hogst vil det bli sett vilkår om at hogsten skal gjennomførast utanom hekketida, og helst vinterstid. Alle tre, buskar, stammar, greiner, kvistar, etc. som blir felt, skal fraktast ut av reservatet. Tidspunkt for gjennomføring og naudsynt motorisert ferdsel, må avklarast med Fylkesmannen i Rogaland i forkant. Naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar skal leggest til grunn ved vedtak.

Forvaltningsstyresmakta vil ha ei streng vurdering av nye søknadar om bygging av nye bygningar og anlegg, jf. kap. VI pkt. 3. Det vil normalt ikkje bli opna for nye vatningsanlegg.

Det kan dispenserast for bruk av motorisert ferdsle for vedlikehald av grøfter etter søknad, jf. kap. VI pkt. 5. Naudsynt motorisert ferdsle for skjøtselstiltak vil normalt avklarast i dialog med Fylkesmannen, jf. kap. V pkt. 1. Utover dette vil forbodet mot motorisert ferdsle bli handsama strengt.

### **Jakt, fiske og friluftsliv**

I verneforskrifta heiter det:

#### Kap. IV

*pkt. 2: Dyreliv, herunder hi, reir og egg, er fredet mot skade, ødeleggelse og forstyrrelse. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbudt. Hunder skal holdes i bånd.*

*pkt. 3: Det må ikke iverksettes tiltak som kan endre de naturgitte forhold, herunder (...) opplag av båter, hensetting av campingvogner, (...) henleggelse av avfall (...).*

*pkt. 4: Motorisert ferdsel til lands og til vanns, samt lavtflyging under 300 m er forbudt. Forbudet gjelder også bruk av modelbåter, modellfly og seilbrett.*

*pkt. 5: Camping, teltoppsetting og oppsetting av kamuflasjeinnretninger for fotografering er forbudt.*

Kommentarar:

Opplag av båtar i reservatet er forbode, og desse må fjernast. Med opplag meiner ein her båtar som ikkje er i jamleg bruk gjennom året, til dømes vinteropplag. Unntaket her er bruken av nåverande båtopplagsplass på gnr 10 bnr 9 med inntil 10 båtar.

Det er jaktforbod i reservatet, men fangst (ikkje skyting) av villmink er tillate. Fangst skal skje utanom hekketida. Fiske er tillate, utan bruk av motorisert fartøy.

Forbodet om motorisert ferdsle vil bli handsama strengt når jakt, fiske og friluftsliv er grunngevinga for søknaden.

### **Vanleg ferdsel i reservatet / undervisning**

I verneforskrifta heiter det:

#### Kap. IV

*pkt. 1: All vegetasjon i vann og på land er fredet mot skade og ødeleggelse.*

*pkt. 2: Dyrelivet, herunder hj, reir og egg, er fredet mot skade, ødeleggelse og forstyrrelse.*

*pkt. 4: Motorisert ferdsel til lands og til vanns, samt lavtflyging under 300 m er forbudt.*

Kommentarar:

Verneforskrifta legg ikkje restriksjonar på vanleg ferdsel i reservatet, så lenge denne ikkje skader eller forstyrrar plantar, dyr og fugleliv. Ein må likevel følgja friluftsløva sine reglar for ferdsel i inn- og utmark, herunder aktsam ferdsle.

Det må eventuelt søkast om løyve til motorisert ferdsel på vassflata i samband med undervisning og forskning. Ein slik søknad må handterast etter § 48 i naturmangfaldlova, som har strenge vilkår for å gje dispensasjon.

### **5.4 Informasjon, tilrettelegging og formidling**

Store deler av naturreservatet er beiteareal, og dette talar mot stor grad av tilrettelegging for ålmenta. I tillegg kjem friluftsløva sine reglar knytt til ferdsel i innmark. Samstundes er Fylkesmannen opptatt av å synleggjera verneverdiane for lokalsamfunnet, og spesielt skuleelevar. Me ser gjerne for oss eit samarbeid med skular i nærområdet, slik at reservatet kan brukast i undervisninga. I Kommuneplan for Sandnes er naturreservatet beskrive som *Undervisningsområde for skoler og barnehager*.

Det kan og vere aktuelt å sette opp eit informasjonsskilt om verneområdet. Skal det bli auka grad av tilrettelegging, må dette skje etter nøye avklaring med grunneigarane.

Kyllsvatnet naturreservat inngår i ny brosjyre om verna våtmark i Rogaland; denne kan formidlast ved kontakt til Fylkesmannen eller på nett: <http://www.friluftsfyret-kvassheim.no/nyheter2015.html#brosjyrene>.

Naturreservatet ligg aust for *Jæren våtmarkssystem* (RAMSAR-område); der det er utvikla eigen kunnskapsbase med relevans også for Kyllsvatnet: <http://ramsar.kvassheim-friluftsfyr.no/>.

### **5.5 Oppsyn og administrasjon**

Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i reservatet. Oppsyn med vernereglar er særleg prioritert, elles er det jamleg kontroll av grensemerke og skilting. SNO utførar naturregistreringar og overvakar endringar i området, og kan bidra med informasjons- og skjøtselstiltak.



#### **Søknad om dispensasjon**

Sjå vedlegg 5 om dispensasjonssøknader.



Dispensasjonar frå regelverket, må stilast til Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavingdelinga. Fylkesmannen vil handsama saka så raskt som råd. Om endeleg svar ikkje kan bli gitt innan ein månad etter at den er mottatt, vil det bli gitt eit foreløpig svar til søker. Det er viktig å gje ei så eksakt beskriving i søknaden som mogleg, for raskast mogleg sakshandsaming.

Søkar må og forholde seg til anna regelverk som måtte gjelda i området.

## 6 Kjelder

Fylkesmannen i Rogaland 1989. Utkast til verneplan for våtmark i Rogaland.

Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S., og Larsen, L.-K. (red) 2012. Fremmede arter i Norge – Med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim.

Henriksen, S. og Hilmo, O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge.

Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red.) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Løvbrekke, H. 1978. Fuglelivet ved Imsvassdraget. Notat hos Fylkesmannen i Rogaland.

Miljøverndepartementet 2012. Naturmangfoldloven kapittel 2. Alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk – en praktisk innføring. Veileder. ISBN 978-82-457-0460-0.

Miljødirektoratet 2014. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter. Veileder M106-2014.

Molversmyr, Å., Schneider, S., Edvardsen, H., Berger, H. M., Bergan, M. A. 2012. Overvåking av Jærvassdrag 2011 – Datarapport. Rapport IRIS 2012/023.

Molversmyr, Å. 2008. Overvåking av Jærvassdrag 2007 – Datarapport. Rapport IRIS 2008/034.

Molversmyr, Å. 2005. Overvåking av Jærvassdrag 2004 – Datarapport. Rapport RF 2005/031.

Nedkvitne, J. J., Garmo, T. H., Staaland, H. 1995. Beitedyr i kulturlandskap. Landbruksforlaget.

Oddane, B. 2007. Skjøtselsplan – Kyllsvatnet, Sandnes kommune. Naturforvalteren rapport nr 2007 – 15.

Hettervik, G. K. 1996. Vakre landskap i Rogaland. Registrering, evaluering og prioritering av verdifulle landskap i Rogaland – et landskapsprosjekt frå Rogaland fylkeskommune, regionalplanavdelingen. Utgitt av Rogaland fylkeskommune.

### Nettsider:

NatStat – Naturstatus for verneområder: <http://natstat.miljodirektoratet.no/>

Natur i Norge, NiN: <http://www.artsdatabanken.no/naturinorge>

St.prp. nr 77 (1979-80), Verneplan II for vassdrag:

<http://www.nve.no/PageFiles/3001/Rapporter%20og%20utredninger/029-1%20Imsvassdr%20NOU%201976-15,%20St-prp-77.pdf?epslanguage=no> .

## 7 Vedlegg

Vedlegg 1	Verneforskrift .....	19
Vedlegg 2	Naturtyper og arts mangfold.....	21
Vedlegg 3	Bevaringsmål, med tilstandsvariabler og overvåkingsmetodikk.....	28
Vedlegg 4	Samla tiltaksskildring med kostnadsoverslag og framdriftsplan.....	31
Vedlegg 5	Om dispensasjonssøknader.....	33
Vedlegg 6	Begrepsforklaring .....	30
Vedlegg 7	Oversikt over miljørapportar og miljønotater.....	36

## Vedlegg 1 Verneforskrift

### Forskrift om fredning av Kydlesvatnet som naturreservat i Sandnes kommune, Rogaland fylke.

Fastsatt ved kgl.res. 20. desember 1996 med hjemmel i lov av 19.juni 1970 m. 63 om naturvern § 8,jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremmet av Miljøverndepartementet. Endret av Direktoratet for naturforvaltning 18. juli 2008 med hjemmel i kgL res. 3. juli 1987 nr. 572 om delegering av myndighet etter naturvernloven ro.V. til Miljøverndepartementet for fredningsvedtak, og delegasjonsbrev fra Miljøverndepartementet 3. november 1988.

I

I medhold av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, jfr. § 10 og §§ 21, 22 og 23, er et våtmarksområde ved Kydles i Sandnes kommune, Rogaland fylke fredet som naturreservat ved kgl. res. 20.12.1996 under betegnelsen "Kydlesvatnet naturreservat".

II

Det fredete området berører følgende gnr.lbnr.: 9/9, 9/16, 10/1 og 10/9 i Sandnes kommune. Reservatet dekker et areal på ca. 284 daa, hvorav ca. 200 daa er landareal.

